

# REFERAT



## Styremøte 1/2020

Tid: 19.01.2020 1030-1230

Stad: Voss Gondol

## AGENDA

Sak		Vedlegg	Ansvar
1	<b>Beslutningssaker</b> 1.1 Godkjenning av innkalling		Leder
2	<b>Orienteringssaker</b> 2.1 Status økonomi 2.2 Budsjett 2020 2.3 Status reguleringsplan 2.4 Status ansettelsar 2020 2.5 Status avhjelping Voss HPK		DL DL DL DL DL
3.	<b>Diskusjonssaker</b> 3.1 Årsmøte 2020 3.2 Overtaking ny HI		Alle DL/Leder
4	<b>Ymse</b> 4.1 Fastsetje dato for neste styremøte		Alle

Frå styret: Christian Selland, Helene M. Bjørnø, Kjell Svanes, Alexander Hillerich, Stine Solberg (vara), Kristian Bystøl (vara).

Fråfall: Kristine Shay Dufey

Administrasjon: Andreas Hemli, Trine Wiik, Rune Narum (HI)

### 1.1 Godkjenning innkalling

Godkjent.

### 2.1 Status økonomi

Alle kostnader er bokført, gjenstående er avskrivningar, opprydding i tillegg til avstemming Burble. Rekneskapen vert sendt til revisor i løpet av januar for revisjon Sendast ut til medlemmane etter det er returnert frå revisor, og tas opp på årsmøtet.

## **2.2 Budsjett 2020**

Budsjettforslag gjennomgått. Investeringsbudsjett er nesten halvert i forhold til 2019. Ferdigstilt budsjett vil bli sendt til styret og tatt opp til godkjenning under årsmøtet.

## **2.3 Status reguleringsplan**

Søknad om oppstart av planarbeid er planlagt sendt til Voss herad ila. Januar.

## **2.4 Status ansettelse 2020**

Ligg bra an med ansettelsar, så og sei alle stillingar er besett. Me manglar nokon til å driva kaféen. Det vert jobba med løysingar.

## **2.5 Status avhjelping Voss HPK**

Andreas og Trine avhjelper Voss HPK ca. 15% av sin stilling per no. Vidare avhjelping til klubben vert vurdert etter at prøveperioden går ut i mars.

## **3.1 Årsmøte 2020**

Årsmøte blir 8. mars kl. 14 på Bømoen. Andreas sender ut innkalling 4 veker før.

## **3.1 Ny HI 2020**

Rune Narum overtok formelt rollen som HI januar 2020. Han er no i ein overgangsfase med tidlegare HI og har ein god dialog på dette. Inger Margrethe vil framleis vera engasjert i tryggingarbeidet framover i roller som blant anna tryggleiksansvarleg under Veko og avhalde Safety day. Styret takkar Inger Margrethe for jobben og vervet ho har hatt for klubben i 4 år!

## **4.1 Fastsette dato for neste styremøte**

Neste styremøte blir søndag 19.04.2020 kl. 18.00 på Bømoen.